



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 9/2017

Møtedato: 26.6.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

Utvising av tilleggsjord

I sak 24/15 og 30/16 gjorde fjellstyret vedtak om å lyse ledig stølsjorde 94/1/738 (ca. 27 daa) og tilleggsjord 94/1/776 (ca. 16 daa). Areala har vore lyst ledige ved annonse i avisa Valdres og på fjellstyret si nettside. Søknadsfristen var 4.6.17.

Innan søknadsfristen hadde fjellstyret motteke ein søknad. Det var frå Jon Terje Rying og Janne Opheim. Dei er eigarar av Midttun 72/9 og dei har støl ved Fosheimstølen, ca. 500 meter frå det utlyste arealet.

Opplysningar som er gjeve i søknaden:

| | | | | | |
|---|--|-----|----|-----|---|
| Gardsnamn: | Midtun | Gnr | 72 | Bnr | 9 |
| Fulldyrka mark | 83,6 | daa | | | |
| Overflatedyrka mark/beite | 21,6 | daa | | | |
| Anna mark | | daa | | | |
| Samla innmark | 105,2 | daa | | | |
| Samla skogareal | | daa | | | |
| Beiterettar i utmark | 15,9 | daa | | | |
| Del i privat sameige/grunneigarlag | Namn: | | | | |
| Opplysning om driftsbygningane | løsdriftsfjøs | | | | |
| Besetning, antall og dyreslag | 20 melkekuer, 17 kviger, 5 okser, alle NRF | | | | |
| Har eigedomen støl/tilleggsjord frå før? | Ja | | | | |
| Skriv inn områdetnamn og matrikelnr | Opheimstølen, Baklia, | | | | |
| (Matrikelnr = gnr, bnr og ev. festnr) | 94/1/754 | | | | |
| Orienter om drift på garden og kvifor du treng arealet (eller legg ved eige orientering) | | | | | |
| Vi har melkeproduksjon med kvote på 112 000 L (inkl. leid kvote) Vi har sommermelk og driver aktiv støl i Baklia. De eneste i Bakliaområdet med melkeproduksjon. Vi har med oss alle krøtera til fjellet. I tillegg har vi ca 20 geiter med oss på stølen om sommeren. Vi har lite dyrka mark hjemme og er helt avhengige av å bruke fjellet om sommeren. Det inngjerda beitaområdet vi har til rådighet på stølen har mye myr, er vått, og er derfor uegnet for så mange dyr. Dette inngjerda området bruker vi til nattbeite for kuene. Fosheimstølen er perfekt til alle våre ungdyr. Det er nærme vår støl, vi kan ha god kontroll over dyra og gi dem kraftfor. Dersom vi får arealet vil vi gjerne gjødsle det og selvsagt gå over gjerdet. | | | | | |

Søkjarane ynskjer å bruke arealet både til beite og til slått. Det er derfor mest aktuelt å vise dette som tilleggsjord etter §20 i stølsforskrift.

§ 20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan. Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

Sidan dette er eit areal som er dyrka opp og gjerda inn, skal det ikkje behandlast etter dyrkingsforskrift og Statskog skal heller ikkje behandle søknad om inngjerding.

Avgrønsing mot hyttefestet er ikkje avklara og dette må gjerast før det blir skriva ut utvisingsforretning for arealet.

På stølsjorda er det i dag ei løe og eit fjøs. Dette er tidlegare brukar sin eigedom, men kan overtakast av ny brukar om ein blir samde om det. Blir ikkje husa overteke av ny brukar, må tidlegare eigar fjerne husa. Fjellstyret må ev. ta dette opp i ei ny sak, der Oppland fylkeskommune skal kunne gi uttale til krav om fjerning.

Det er berre ein søknad om å få vist ut det ledige arealet. Søkjarane driv aktiv mjølkeproduksjon og har behov for arealet til både beite og fôrproduksjon. Vurdering av kven som skal få tildelt arealet er derfor enkelt i denne saka. Det er tidlegare vist ut ca. 56 daa beiteareal til Midtun 72/9 mellom stølen til Midtun og Veslevatnet (94/1/1170). Heile arealet er ikkje teke i bruk og søkjar må gi tilbakemelding om kor stor del av utvist areal som skal ikkje brukast.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtak å vise tidlegare stølsjorde 94/1/738 (ca. 27 daa) og tilleggsjord 94/1/776 (ca. 16 daa) ut til Midtun 72/9 v/Jon Terje Rying og Janne Opheim. Arealet blir vist ut som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrift.

Løe og fjøs kan overtakast av Rying/Opheim om dei blir samde med tidlegare brukar om det. Frist for å gi tilbakemelding om ev. avtale for overføring av husa blir sett til 1.10.2017.

Vedtak:

Fjellstyret vedtak å vise tidlegare stølsjorde 94/1/738 (ca. 27 daa) og tilleggsjord 94/1/776 (ca. 16 daa) ut til Midtun 72/9 v/Jon Terje Rying og Janne Opheim. Arealet blir vist ut som tilleggsjord etter § 20 i stølsforskrift.

Løe og fjøs kan overtakast av Rying/Opheim om dei blir samde med tidlegare brukar om det. Frist for å gi tilbakemelding om ev. avtale for overføring av husa blir sett til 1.10.2017.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.6.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jon Terje Rying og Janne Opheim
Statskog
Vestre Slidre kommune
Tordis Tildheim
Torgunn Tildheim